

## Vellukka redningsaksjon i Englafjell

24.08.2006

**Ein tysk turist i 30-åra vart redda ned frå Englafjell med helikopter ved 20-tida torsdag kveld. Han var på ei hytte på Fet saman med fem andre medlemmer av familien. Etter å ha vore på toppen av fjellet, valde han ei noko kronglete rute ned og måtte snu. Då han var på veg oppover att, gjekk han seg fast vest for toppen.**

Han ringte familien på mobil, men gjekk tom for straum då han skulle oppgje kvar han var.

Politiet rekvirerte helikopter frå Hovudredningsentralen på Sola. Helikopteret var på plass etter ein halv time og fann turisten med ein gong under søket over fjellet.

Han vart teken om bord utan problem og 'løfta ned' til Eik.

Etter stutt tid var han igjen saman med familie og born.

Naturleg nok var han noko trøtt og sliten, men var elles ikkje skada på noko vis, opplyser politioverbetjent Sigurd Børve til uskedalen.no.